



DET KONGELEGE
MILJØVERNDEPARTEMENT

Landbruksdepartementet	
Saksnr.: 03/2197	Doknr.: 46
Mottatt: 26 AUG 2003	MP/SPH
Saksbeh.: KNY	Ark.: 60
Vedr.:	Avskr.:

Landbruksdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref
03/02197

Vår ref
19998/1890- N/SAC
Ark:

Dato 22 AUG. 2003

Avgift- og gebyrfinansiering av matforvaltningen – høyringsmerknad

Miljøverndepartementet viser til høyringsbrev av 10. juli 2003 om avgift- og gebyrfinansiering av matforvaltninga.

Vi viser også til vårt brev om delegering og finansiering av tilsyn etter genteknologilova, som vart sendt LD, HD og FID 14. april 2003. Det går fram av dette brevet at Miljøverndepartementet ønskjer å delegera mynde etter genteknologilova §§ 18-24 til det nye Mattilsynet frå 1. januar 2004 og at tilsynet kan dekkast inn ved bruk av gebyr og avgifter som vert etablert i tråd med den nye finansieringsmodellen for matforvaltninga. Departementene har tidlegare slutta seg til delegasjon.

I høringsnotat om forenkla modell for finansiering av matforvaltninga av 25. mars 2003 uttalar Landbruksdepartementet under punkt 8.2.1 dette om finansieringa av tilsynet etter genteknologilova:

"Når det gjelder tilsynsområder som ikke kan kategoriseres etter produktgrupper eller hvor i kjeden tilsynet føres, som tilsyn med økologisk landbruk og tilsyn med genmodifiserte organismer, så legges det i utgangspunktet opp til at slik tilsynsvirksomhet kan innpasses i modellen uten at det etableres særskilte gebyr eller avgifter".

For å sikra at det er tilstrekkeleg heimel for å ta omsyn til tilsynet etter genteknologilova ved fastsetjinga av satsane av relevante gebyr og avgifter, bør dei gebyr- og avgiftsheimlane som er relevante for tilsyn med genmodifiserte organismar, også heimlast i genteknologilova § 22. Av dei tre forskriftene som no er sendt på høyring, er etter Miljøverndepartementets syn forskrift om matproduksjonsavgift og forskrift om avgift på fôr til dyr som ikkje inngår i matproduksjon GMO-relevante. Vedlagt følger forslag til endring i forskriftsteksten som skulle ivareta omsyna nemnt


ovanfor.

Forskrift om gebyr for særskilte ytingar synest ikkje å vera relevant for tilsyn etter genteknologilova.

Genteknologilova § 22 gir heimel for å fastsetja gebyr for "kontrolltiltak som gjennomføres for å sikre at loven eller vedtak i medhold av loven blir fulgt". Då dei to forskriftene det er aktuelt å heimla i genteknologilova § 22, gjeld tilsyn og kontroll, meiner departementet at § 22 gir tilstrekkeleg heimel. Det at forskriftene fastset "avgifter" medan genteknologilova gir heimel for "gebyr", kan etter departementets syn ikkje medføra at § 22 ikkje gir tilstrekkeleg heimel for desse forskriftene. Som nemnt av Landbruksdepartementet sjølv i høyringsnotatet om forenkla modell for finansiering av matforvaltninga, er omgrepa avgift og gebyr delvis brukt om kvarandre.

Miljøverndepartementet vil be Landbruksdepartementet om å ta omsyn til tilsyn etter genteknologilova ved dei andre forskriftsendringane, som er varsla av departementet i høyringsnotatet.

Med helsing



Torkel Ramberg
avdelingsdirektør



Guri Tveito
avdelingsdirektør

Vedlegg: Forskrift om matproduksjonsavgift og forskrift om avgift på fôr til dyr som ikkje inngår i matproduksjon med forslag til endringar.